

# Referat frå FAU-møte Spildepollen skule

**Stad:** Spildepollen skule

**Tid:** 18. mai 2020 kl. 18:00

Tilstades:

Fredrik Mortensen (Leiar), Linda Selheim (rektor), Elin Øvretveit, Kirsten Wiers, Siri Haganes, Aleksander Kristiansen, Anne Mette Telle.

Meldt fråfall: Cecilie Dale Glesnes, Stine Mæland, Kjersti Golten, Unni Kausland, Marianne Glesnes, Anne Maren Agasøster, Christel Thorgersen og Karoline Eide.

Saknr:	Sak:
38/19-20	<p>Godkjenning av denne innkalling, saksliste og referat frå møte 18.11.19</p> <p><b>Innkallinga vart godkjent, men det har vore nokon endringar som ikkje har kome med i innkallinga.</b></p> <p><b>Karoline Skålevik Eide (Epost: <a href="mailto:karoline_eide89@hotmail.com">karoline_eide89@hotmail.com</a>) er representant saman med Christel Thorgersen for 3. årssteg.</b></p> <p><b>Jannicke Høyland (epost: <a href="mailto:jannickehoyland@hotmail.com">jannickehoyland@hotmail.com</a>) tek over Unni Kausland sin plass siste rest av skuleåret.</b></p> <p><b>Det var nytta dei gamle epostane til administrasjonen på skulen. Her er dei nye:</b></p> <p><b>Rektor Spildepollen skule: Linda Selheim <a href="mailto:linda.selheim@oygarden.kommune.no">linda.selheim@oygarden.kommune.no</a></b></p> <p><b>Småtrinn leiar: Bente Helen Sangolt <a href="mailto:bente.helen.sangolt@oygarden.kommune.no">bente.helen.sangolt@oygarden.kommune.no</a></b></p> <p><b>Mellomtrinn leiar: Liv Torill Furset Golf <a href="mailto:liv.golf@oygarden.kommune.no">liv.golf@oygarden.kommune.no</a></b></p> <p><b>Saksliste og referat vart godkjent.</b></p>
39/19-20	<p>Orientering: SU / SMU, saker frå/til SU. Har vi saker som vi vil ta til SU / SMU?</p> <p><b>SU:</b> Fredrik (vara: Aleksander) og Anne Mette (vara: Elen)</p> <p><b>SMU:</b> Fredrik (vara: Aleksander) og Anne Mette (vara: Elen)</p> <p>Sjå vedlegg:</p> <p><b>Politisk representant:</b> Line Eide Storesund (Sotralista), vara: Irene Nesse Vorland (SP)</p> <p><b>Det vart satt dato for SU møte. Måndag 8.juni.2020 kl. 17.30.</b></p> <p><b>Forslag til saker:</b></p> <p><b>-valentinsball for 7. årssteg. Forslag om å samarbeide med FAU på Stranda og Skogsvåg om dette? Evt. at foreldre i 7. årssteg har ansvar for dette.</b></p> <p><b>FAU ynskjer at SU tek tak i sak 47/19-20 og 48/19-20 på neste SU møte.</b></p>
40/19-20	<p>Status økonomi. Siri, kasserar, orienterer.</p> <p>Det er opprettet konto i Sparebanken vest kto.nr: _____.____.____ og VIPPS nr: 594001.</p> <p>Beløp på konto, siste bevegelser på konto. Er der faste bank gebyr?</p> <p><b>Konto er i orden. Pengar frå både Telavåg og Glesnes er overført til felles konto. Det står ca. 50 000 på konto no. Nokre utlegg til maling,pensel,hanskar til maling av 17. mai bannere. Elles ingen utlegg. Vi har ikkje oversikt over kor mykje dei faste gebyra er, men det er ikkje snakk om mykje i året.</b></p>

41/19-20	<p>Folkeakademiet, skal vi overta medlemskapet som Telavåg skule hadde? Årskostnaden for medlemskap er kr 200,-. Ved å vera medlem kan vi søkja Folkeakademiet om støtte til å arrangera seminar, arrangement m.m.</p> <p><b>Vedtatt at vi fortsett det medlemskapet.</b></p>
42/19-20	<p>17. mai komiteen, orientering Er det gjort ferdig plan for 17. mai feiring som neste års 17. mai komite kan overta? 17. mai komiteen sendte ut brev til lag, organisasjonar og kyrkja i samband med 17. mai markering og feiring, er innkomne svar ferdigbehandla? 17. mai ting, Linda er behjelpelig med å opna skulen når 17.mai-ting skal forflyttast frå Glesnes og Telavåg skule til Spildepollen skule, er dette gjort?</p> <p><b>Det vart starta opp arbeid med planlegging av årets 17.mai før korona. Var i god gang, men det må planleggast/organisert på nytt til neste år. Det førelegg inga mal til organiseringa, men det bør snakkast godt igjennom til neste år korleis ein vil ha det. Det er ein stor jobb, og det kjem fram at ein er bekymra for dårlig oppmøte på møter og at mange er lite engasjerte. Her må foreldre vere meir synlege, og klare for å ta i eit tak. Det var blant anna vanskeleg å få nokon til å stille som male-vakt då bannere skulle på plass til kortesjen.</b></p> <p><b>Forslag:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- å snakke med Skogsvåg å få tips i frå deira organisering/innkjøp til 17. mai.</li> <li>- Å ta kontakt med Sotra VGS (bygg) om det treng lagast noko. Eks lykkehjul.</li> </ul>
43/19-20	<p>Samarbeidskultur og forventingar me har til kvarandre Samarbeid skule heim er veldig viktig, dette jobbar skulen med kvar dag, kvar veke. Fungerar samarbeidet?</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rektor fortel at det har vore mykje positiv kontakt mellom skule-heim i koronaperioden. Foreldre har fått meir innsyn i skulearbeidet til borna sine, på ein heilt annan måte enn før. Nokon familiar slit med tilgang på data/internett/digitalt og då har lærarane strekt seg langt for å hjelpe heimane og å vere tilgjengeleg på tlf. Det vert presisert at dette kun er eit «koronatiltak».</li> <li>- Det kjem innspel at det er svært ulikt på trinna kor tilgjengeleg lærarane er. Dette har gjerne å gjere med datakunnskap hos den enkelte lærar? Det er og store forskjellar frå dei forskjellige skulane i kommunen vår.</li> <li>- Det kjem innspel om at rektor har vore usynleg i denne koronaperioden. Ein saknar noko frå henne. Rektor fortel at ho kommuniserar via kontaktlærarane/avdelingsleiarane og sender kvar veke ei oppdatering til kollegiet med felles beskjedar og ting som skal ut til heimane. På denne måten kjem lik info ut til alle. Tek til seg at ein ynskjer noko frå henne innimellom.</li> <li>- Heimesida har vore dårleg oppdatert og fleire får ikkje til varslinga som skal kome på mail når det vert lagt ut noko på heimesida. Rektor skal sjekke opp i dette. Ho informerar om at det kjem ny nettside, då alle skulane i kommunen skal ha «lik» nettside.</li> <li>- Det kjem forslag om facebookside for foreldre om den nye sida ikkje gjev rom for god nok kommunikasjon. Det vert tatt opp at då ekskluderar man dei som ikkje har facebook.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Spørsmål om forledre sine digitale ferdigheter. Nokre opplev at det var mykkje å setje seg inn i når ein skulle hjelpe elevane med heimeskule. Forledre på Telavåg skule har fått opplæring i enkel bruk av CromeBook, men det har ikkje andre. Rektor fortel at dei har tenkt på dette og jobbar med å sjå på korleis dei kan hjelpe forldra til å auke ferdigheitane deira.</b></li> <li>- <b>Spørsmål om undersøking om korleis det fungerer med leksefri skule. Rektor kjem tilbake til dette.</b></li> </ul>
44/19-20	<p>Status skulemiljø, korleis er det? Frå referat forige FAU møte: Lærarane har jobba mykje i klassane. Jobbar spesielt med korleis elevane tiltale kvarandre, god folkeskikk. Det vart også oppmoda om at kvart årssteg får til eit sosialt arrangement, skulen kan nyttast gratis. Korona situasjonen har gjort dette utfordrande. Korleis er skulemiljøet no? Er det ynskjeleg at foreldrekontaktane tek initiativ til arrangement for eit godt skulemiljø i den tida som er igjen av skuleåret</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Rektor fortel at etter koronostenginga vart det ein «ny oppstart» for mange elevar. Mange måtte finne plassen sin på ny og ein merka endring i korleis elevane snakka til kvarandre/om seg sjølv osv. Dette har vorte betre ila desse vekene.</b></li> <li>- <b>Sosiale arrangement er viktig for trinna. Foreldrekontaktane skal ta initiativ til eit arrangement i halvåret. Men det vert ingen arrangement før sommaren. Det vert kun lagt opp til avslutning for 7. årssteg. Klassane kan ha litt kos som avslutning før ferien i skuletida.</b></li> </ul>
45/19-20	<p>Korona tilpassing på skulen Status, rektor informerer. Er der noko foreldrekontaktane kan bidra med?</p> <p><b>Skulen følgjer alle retningslinjer – og litt til. Men det er born ein har med å gjere, så ein må ta høgde for at det skjer ting ein ikkje klarar å plukke opp. Det viktigaste er vasking av hendene og låg terskel for å halde seg heime om elevane/ansatte er sjuke.</b></p>
46/19-20	<p>Busskabaln Skule buss tilbodet som var før Korona, fungerte det? Fungere det Koronatilpassa buss tilbodet som er no? Korleis blir skuleskyss tilbodet neste skuleår?</p> <p><b>Busstilbodet har fungert, men det vart utfordringar når mellomsteget kom tilbake etter koronastenging. Spildepollen tok i mot alle elevane frå måndag 11.mai og ein såg at det var elevar som ikkje fekk plass på bussane fyrste dagen, då kapasiteten til skyss er minska grunna koronatiltak. Skulen har gjort det dei kan for å få grie ordningar, og dei ansatte er budde på å evt kjøyre elevar heim om det vert naudsynt. Det er vanskeleg å vete frå dag til dag kor monge som skal ta buss då foreldre vert oppmoda til å kjøyre/hente, eller at elevane sykklar/går om dei kan. Korleis busstilbidet vert til neste år veit rektor ikkje enda.</b></p>

47/19-20	<p>Bygging av barnehagen  Vedlag ligg Risiko-analyse som er utarbeida.  Bygging av barnehage, når står den ferdig. Påverkar bygginga skulekvardagen  Kva spesielle hensyn tek utførande til skule og skulekvardag. (trafikk, støy m.m.)  Parkering for tilsette og foreldre samt parkering for handverkarar.  Rektor informere om kva dette betyr for skulen og skulekvardagen til elevane.  Har snakka med kommunen sin prosjektansvarleg, Christian Alsaker, angående kommunal trafikkisikring. Dei ynskjer å ta inn eit innspel frå FAU i kontrakten for barnehageprosjektet;  Gangfelt ved inn-/utkøyring frå parkeringsplass.  Skal vi på nytt spela inn fleire av våre innspel?:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Merking av parkeringsplassar for korttidsparkering</li> <li>- Flytta litt på støypekant ved utkøyring frå parkeringsplassen for å lettare kunna kjøra ut frå parkeringsplassen (sett inn bilde)</li> <li>- Markering av kjøreretning på parkeringsplassen</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>- <b>Det er problematisk på parkeringsplassen om morgonen. (ekstra trøkk no etter korna) Det er ynskjeleg at skulen kjem ut med info til foreldre at dei må parkere på ei ledig lomme før dei slepp elevane av. Monge har sett skumle situasjonar.</b></li> <li>- <b>Pil som viser kjøyrertninga. Retor har etterlyst dette. Eins er at foreldre ikkje tek hensyn til at dei skal kjøyre heilt rundt.</b></li> <li>- <b>Størrelsen på parkeringsplassen. Den er for liten. No er det avsatt delar av plassen til brakkar til utbyggar av barnehage. Men det var loten plass før dette også. Når det kjem ekstra ansatte i bartnehagen og foreldre som skal levere der kjem det til å bli kaos. Her må vi kome med innspel til kommunen! Det kjem også til å vere idrettsarrangement både inne og ute, då kjem plassen ikkje til å vere stor nok!</b></li> <li>- <b>Asfaltkant i innkjørsel laga farlege situasjonar. Enkelte bilar klarar ikkje svingen grunna denne. Om ein må rygge for å rette opp, er dette svært uheldig og farleg.</b></li> <li>- <b>Ansatte må hugse å parkere lengst vekk for å gje mest muleg plass til levering/henting.</b></li> </ul> <p><b>FAU ynskjer at SU også tek tak i denne saka.</b></p>
48/19-20	<p>Trafikkisikring, fylkeskommunal  Har snakka med Knut Eivind Nygård om status for gangveg Kausland til Glesnes skule, prosjektet er prioritert. Men grunna Korona samt omstrukturering av kven som har ansvar for fylkesvegen er prosjektet ikkje blitt satt i gang enda. Knut Eivind kjem tilbake med informasjon frå møte han skal ha med fylkeskommunen og prosjektansvarleg.  Trafikkisikrings midlar som er øremerka til dette MÅ brukast i år elles fell dei vekk.  Ventar på svar om kva som blir satt av pengar til av våre innspel:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Behov for rekkverk gangfelt ved Vestrepollen.</li> <li>- ynskje om busslomme for busstopp til Telavåg ved butikken i Spildepollen</li> <li>- Ynskje om busskur på nokre av busstoppa</li> </ul> <p><b>FAU må purre på her. FAU leiar må sei i frå om andre skal hjelpe til å ringje for å purre. FAU ynskjer at SU også tek tak i denne saka.</b></p>

49/19-20	<p>FAU sine vedtekter og årshjul.  På forrige FAU-møte blei det valgt ein person frå Pollen, Glesnes og Telavåg til å lage et forslag til årshjul.  Val; Pollen: Anne Maren, Glesnes: Marianne og Telavåg: Siri  Årshjul til Glesnes og Telavåg FAU ligg framleis på nettsida til dei nedlagte skulane.  Som vedlegg ligg utkast til årshjul for Spildepollen skule, årshjulet er samansett av all aktivitet frå årshjulet til Glesnes- og Telavåg skule samt innspel frå elevrådet.  Vi må finna ut kor stort ambisjonsnivå vi kan leggja oss på, og kor mykje administrasjonen ved skulen kan hjelpa til med i dei forskjellige arrangementa.</p> <p><b>Skulen har sitt eige årshjul. Dette må sjåast i samanheng med FAU sitt årshjul. Skulen har ynskje om kva dei skal ha ansvar for og kva FAU skal ha ansvar for.  Skulen ynskjer å arrangere besteforeldrekafè, juleavslutning og karneval.  Ynskje om at FAU har ansvar for sommaravslutning, to sosiale arrangement på trinna i året.  Evt Halloween/valentines festar.</b></p>
50/19-20	<p>Elevane sin personlege Chromebook  Kven har ansvar for uhell som skjer med hjelpemiddelet når skulen pålegg eleven å ta med hjelpemiddelet heim. Grungjev med heimel for svaret</p> <p><b>Rektor fortel at dei krev ikkje erstatning for uhell. Men om eleven med vilje har øydelagd kan skulen krevje erstatning/eller at eleven må gjere det opp for seg på andre måtar. Alle kan gjerne ikkje erstatte økonomisk. Skulen finn ei løysing i dei tilfella som eventuelt dukkar opp.</b></p>
51/19-20	<p>Lavvo som skulen har fått i gåve  Når blir den satt opp? Trengs det dugnad frå FAU?</p> <p><b>Denne er allereie på plass, så her treng ikkje FAU bidra.</b></p>
52/19-20	<p>Status? Sjøppelspann langs tursti. Skulen har motteke sjøppelspann som skal settast ut på skuleplass og tursti. Desse blir satt ut når det er avklart kven som har ansvar for å tømme sjøppelspann som blir plassert ute. Er dette avklart?</p> <p><b>Ingenting nytt her. Rektor fortel at det ikkje er avklart kven som har ansvaret og at det derfor ikkje vert sett opp bosspann enda.</b></p>
53/19-20	<p>Orientering: Tursti rundt skulen, referat frå FAU møte 18.11.19: skulen ynskjer å forby riding, turstien er skulen sitt ansvar. To slike med tekst «riding forbode» er no montert.</p> <p><b>Utfordring kring dette. Det har kome klage til kommunen på at riding er forbode på turstien. Rektor grungjev ynskje om å oppretthalde forbode med at turstien er for smal til å kunne passere eks hest og barnevogn. Utfordringar kring avføring til hestane.  Status på denne saken kan takast opp at på neste FAU møte.</b></p>

54/19-20	<p>Dato for SU møte. Er det behov for eit siste FAU møte for godkjenning av årshjul.</p> <p><b>Dato for SU møte og neste FAU møte er 8. juni 2020.</b> <b>SU møte kl 17.30.</b> <b>FAU møte kl 18.30.</b></p>
55/19-20	<p>Eventuelt.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- <b>Om FAU får forespurnad om å organisera TV-aksjonen frå kommunen, ynskjer FAU at kvar bygd har ein rodeleiar.</b></li><li>- <b>Forslag om at vara rykker opp som foreldrekontakt. Utfordringar kring dette, då det denne gongen var slik at mange satt eit år ekstra for å unngå byte ved skulesamanslåinga. Det er derfor ikkje slik at dei som står oppført som «vara» har vore vara. Dette må derfor takast opp på neste FAU.</b></li></ul>

Referent Anne Mette Telle.